

Vegnummer: Fv 567  
 Kommune: Osterøy  
 Prosjekt: 2022/275  
 Saksnummer: 2022/92624  
 Sakshandsamar: Nils-Helge Teigen

## Kjøpekontrakt

### Kjøpar

Vestland fylkeskommune

### Seljar

Arnbjørn Vevle og Monica Birkeland Vevle, eigar av gnr.2 bnr.1 i Osterøy kommune  
 Adresse: Rambergsvegen 16, 5282 Lonevåg

### 1. Kontrakten gjeld

Vestland fylkeskommune kjøper kantareal mellom gnr 2 bnr 2 og privat veg over din eigedom. Arealet er vist på kart og er berekna til om lag 1,5 daa.

Arealet skal nyttast som erstatningsareal for areal som vert erverva frå gnr 2 bnr 2.

Om avtale vert inngått må Vlfk søke Osterøy kommune om å få arealoverføre arealet. Vert det ikkje gjeve løyve til dette, vil avtalen bli annullert.

### 2. Erstatning

Partene er einige om denne erstatninga:

Type erstatning	Mengde	a kr	Sum kr
Avstått grunn RS	1 m <sup>2</sup>	40 000,-	40 000,-
Total erstatning:			<u>40 000,-</u>

#### a) Rund sum

Dersom erstatninga er avtalt som rund sum, skal kjøpar betale erstatninga innan 4 veker etter at Osterøy kommune har gjeve løyve til arealoverføring. Når det gjeld frist for utbetaling, Tas det atterhald om samtykket frå panthavarar, jf. punkt b) nedanfor.

#### b) Atterhald om panthavarar

Kjøpar tek atterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at erstatninga kan utbetalast. Det er kjøpar som innhentar dette samtykket.

### 3. Spesielle kontraktsvilkår

Om Osterøy kommune ikkje gjev løyve til arealoverføring vil kontrakten bli annullert.

### 4. Generelle kontraktsvilkår

Desse generelle kontraktsvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

#### a) Kva erstatninga skal dekkje

Kjøpesummen skal dekkje avståing av grunn og rettar, samt alle skadar og ulemper som har samband med avståinga, eller med det vegtiltak det ervervas til fordel for.

Erstatning for skade og ulempe som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

#### b) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljar skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljar skal plassere gjerdet etter tilvising frå kjøpar.

#### c) Leidningar

Kjøpar utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår.

#### d) Avkøyrslar og tilkomstforhold

Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Kjøpar har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstvegar i framtida.

#### e) Tiltreding av eigedommen

Kjøper kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedommen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

#### f) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne kontrakten er inngått, slik at kontrakten blir registrert i matrikkelen (jf. § 48 i føresegn til matrikkellova). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

#### g) Tinglysing

Denne kontrakten kan tinglysast på eigedommen gnr.2 bnr. 1. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå kjøpar. Kjøpar er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

## 5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

**Seljar**

10.02.2023  
.....  
Dato

.....  
Namn

.....  
Fødselsnummer/organisasjonsnummer

.....  
Bankkontonummer til seljar

10.02.2023  
.....  
Dato

.....  
Namn


.....  
Fødselsnummer/organisasjonsnummer

.....  
Bankkontonummer til seljar

**Kjøpar**

 Vestland  
fylkeskommune  
Nils-Helge Leigro  
.....  
For Vestland fylkeskommune

821311632  
Organisasjonsnummer



### Erstatningsareal

Skisse som viser arealet som Vestland fylkeskommune kan løyse inn som erstatningsareal for gbnr 2/2.

2022-12-12 12:23



Utskrift frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no).  
Rettar og bruk: Norge digitalt

50m